

## Entreprenørskapsstøttesystem i Vestland fylke

Vestland fylkeskommune arbeider med å etablere eit nytt heilskapleg entreprenørskapssystem for Vestland fylke som gjev lik tilgang til støtte og rettleiing uansett kor i fylket ein bur. Entreprenørskapssystemet skal vere eit system for dei som ønskjer å etablere bedrift eller vidareutvikle verksemda si, og for dei som driv med rettleiing, opplæring, inkubasjon og økonomisk støtte. Målsettinga er å integrere dei eksisterande aktørane innan entreprenørskapsstøtte i ei slik teneste.

### Entreprenørskapsstøttesystemet skal bestå av:

- Eit digitalt system som skal vere «ei dør inn»
- Leggje til rette for ei entreprenørskapsreise frå A - Å, ut frå kva behov entreprenøren har.
- Entreprenørane går igjennom ein mottaksmodul, kjernemodul og dybdemodul i form av ein steg-for-steg-prosess.
- Rådgjevarar, koordinatorar og førstelinetenesta implementerast i den digitale portalen og utgjer eit rådgjevarapparat, som koplast på i dei ulike modulane ut frå kva entreprenøren har behov for.
- Ei felles fagleg plattform og felles digitale verktøy som blir tilgjengeleg både for entreprenørane og rådgjevarapparatet.
- Gjennom plattformen skal entreprenørane kunne følgjast over tid.
- På den digitale plattformen skal det leggjast til rette for kurs, kompetanseheving, e-læring, forretningsplanverktøy og chat.
- Ein skal kunne strukturere datafangst som kan skape grunnlag for måling og analyse, som kan gi vidare læring og forbetring

Eit digitalt system gjer det mogleg å gje eit likt tilbod i heile fylket og kople på riktige personar der det er behov. Målet er å auke kvaliteten på tenestene totalt sett. Alle entreprenørane kan få hjelp uansett kor dei er lokalisert i Vestland fylke.